

# KRONIKK & DEBATT

## KRONIKK:

E-post:  
kronikk@klassekampen.no  
Maks 6000 teikn inkludert  
mellomrom. Legg ved  
portrettfoto.

## DEBATT:

E-post:  
debatt@klassekampen.no  
Innlegg over 3000 teikn kan  
bli korta ned. Legg ved  
portrettfoto.



**Hilde Reinertsen**  
hilder@klassekampen.no  
Kronikk- og debattredaktør.

**Tollef Mjaugedal**  
tollefm@klassekampen.no  
Redaksjonssekretær.

Klassekampen honorerer normalt ikkje innsendt stoff. Innsendaren si e-postadresse blir trykt med mindre innsendaren reserverer seg mot dette. For Klassekampen sine generelle vilkår for publisering, sjå [www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle\\_vilkaar](http://www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle_vilkaar)

## DEBATT

Manifest Analyse sett opp eit falskt skilje mellom offentleg og privat forbruk.

# Villeiande om forbruk



Norvald Mo  
**KRONIKK**

**Manifest Analyse** gav nyleg gav ut rapporten «Velferd eller skattestopp», som blant anna vart omtalt her i Klassekampen. Rapporten tar for seg utviklinga i privat og offentleg forbruk dei seinare åra, og meiner regjeringa sviktar i høve til sitt grunnsyn når det private forbruket utviklar seg sterkare enn det private. Det er viktige problemstillingar som blir tatt opp i rapporten, men som opplysning og rettleiing for fagleg og politisk handling er han dessverre meir villeiande enn vegleiar. Etter mitt syn er det nemleg ikkje mogeleg å lausriva forbruk frå andre storleikar i økonomien, dersom ein har til føremål å finna ut om politikken går i fellesskapsretning eller i privatiseringsretning. Det blir lett som Ibsen skriv i «Peer Gynt» at «hvor utgangspunktet er galest, blir titt resultatet originalt».

Det er nemleg slik at det går godt an å styrkja fellesskapsløysingane og fordelinga, og likevel enda opp med at fellesforbruket utviklar seg prosentvis svakare enn det private forbruket. Ja, det kan faktisk vera ein god politikk.

**La oss ta to døme.** Det første om NSB og Jernbaneverket. Dette er offentlege selskap organisert som føretak. Slike føretak har ikkje utgifter til forbruk. Frå eit venstresynspunkt kan vi vera

einige om at det å styrkja jernbanen er eit fellesskapstiltak. Men det styrkjer ikkje det offentlege forbruket. Dei over 10 milliardane som blir brukt på jernbane over statsbudsjettet går nesten alt til investeringar og overføringar. Altså til å kjøpa inn meir jernbanemateriell og til statleg kjøp av transport. Absolutt ingenting blir rekna som offentleg forbruk. I den grad denne satsinga fører til at folk reiser meir og brukar jernbanen, kan det også skje at det private forbruket aukar.



Det andre dømet gjeld bompengefinansierte veginvesteringar. Om bompengefinansiering er «venstrepolitikk» eller «høgrepolitikk», er det sikkert ulike meiningar om. Men dersom bruken av bompengefinansieringa aukar på kostnad av offentleg finansiering, aukar det private forbruket, fordi vi betaler meir i avgifter. Samstundes er fellesskapen sin infrastruktur styrkja, sjølv om den er finansiert gjennom privat forbruk.

La oss også ta eit døme frå kommunesektoren. Mykje av den kommunale infrastrukturen er organisert som føretak og

av fellesskapsløysingar. Men vi er også opptekne av gode vilkår for næringsutvikling. Det siste kan bety betra støtteordningar. Slike ordningar blir i nasjonalrekneskapsdefinert som subsidiar. I den grad slike ordningar blir styrkja, kan det føra til at det offentlege forbruket isolert sett blir mindre. Vi vil likevel kunne argumentera for at det er bra for fellesskapet.

Poenget mitt med dette er ikkje å påstå at det er uviktig for samfunnsutviklinga korleis forholdet mellom offentleg og privat forbruk utviklar seg. Men for å setja seg til døms over kva

**OFFENTLEG?** Dei over ti milliardane som blir brukt på jernbane over statsbudsjettet blir ikkje rekna som offentleg forbruk – men kan føre til auka privat forbruk, skriv Norvald Mo.

FOTO: STIAN LYSBERG  
SOLUM, SCANPIX

## «Den offentlege pengebruken har faktisk heldt seg ganske stabil dei seinare åra»

finansiert gjennom avgifter. Dette kan vera energiforsyning, renovasjon eller vassforsyning. Ingenting av dette går inn som offentleg forbruk. Utbygging av infrastrukturen organisert gjennom føretak er enten offentlege investeringar, overføringar eller privat forbruk. Dette betyr at å satsa på fellestiltak organisert på denne måten ikkje styrkjer det offentlege forbruket, men det private forbruket, i den grad folk betaler meir i kommunale avgifter for slike tenester.

**Vi i Fellesforbundet** er opptekne

retning politikken går i, må ein trekkja inn også andre faktorar i økonomien.

**Ein faktor som** etter mi meining gir ein langt betre illustrasjon på i kva retning politikken går, er å sjå på utviklinga i samla utgifter til offentleg forvaltning i høve til totaløkonomien. For Norge sin del meiner eg den beste illustrasjonen på dette er å måla dei samla utgiftene i offentlege forvaltning i høve til vårt brutto nasjonalprodukt (BNP) for Fastlands-Norge, fordi storparten av oljeinntektene ikkje går til

forbruk eller realinvesteringar. Da ser vi av førebelse tal for 2009 at utgiftene til offentlege forvaltning var på 1099 milliardar kroner, medan BNP for Fastlands-Norge var 1853 milliardar kroner. Det gir ein prosentvissats på nær 60. Om nokre ikkje ville vera einige om at vi berre skal bruka BNP for Fastlands-Norge som målestokk, kan vi leggja til det handlingsregelen om bruk av petroleumsinntektene gir rom for (rundt 90 milliardar kroner i 2009). Då blir prosentvissatsen nær 57.

Rekna på denne måten er den offentlege pengebruken i Norge ikkje relativt redusert. Han har faktisk heldt seg ganske stabil dei seinare åra. Det har gjort at både offentleg og privat sektor har styrkt seg. Det er vorte større realinvesteringar i bedriftene samstundes som dei offentlege tenestene er bygde ut. Sysselsetjinga dei siste fem åra fram til finanskrisa vaks med over 300.000 personar. Det offentlege konsumet vaks i same perioden i volum med 17,5 prosent. Samstundes er inntektsfordelinga oppretthalden, blant anna ved at kraftfulle skattetiltak er gjennomførte overfor dei med dei høgste inntektene og formuane.

**Manifest tar til orde** for å auka skattane ved å innføra avgift om omsetjing av aksjar på Oslo Børs, og å innføra rentetak for renteutgifter over 2 millionar kroner. Eg vil ikkje tilrå nokon av tiltaka. Det første fordi det alt er innført ein særskilt skatt på ekstraordinær kapitalavkastning som er meir kraftfull enn tidlegare tidars avgifter på aksjeomsetning. Den avgifta var lite eigna under nedgangskonjunkturar og vart derfor avskaffa. Eit rentetak på 2 millionar har eg heller ikkje tru på, fordi det vil vera så lett å omgå taket. Det vil berre føra til at lån som når taket blir overført på bestemor eller svigerson. På den måten kjem rike og ressurssterke seg under taket. Og det blir heller ikkje meir skatteinntekter av det.

Det er viktig med kritiske analysar over resultatata av politikken som blir ført. Den nye rapporten frå Manifest Analyse er dessverre lite eigna verken for å skaffa seg meir innsyn i samfunnsøkonomi eller som råd for politisk handling.

**Norvald Mo,**  
rådgjevar i Fellesforbundet